



Kaland Trelast AS
Keilevegen 45
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3279 - 18/569

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
05.01.2018

Ferdigattest - gbnr 51/2 Seljelid

Administrativt vedtak. Saknr: 007/18

Tiltakshavar: Arne og Mariann Kjeilen
Ansvarleg søkjar: Kaland Trelast AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 14.08.2014. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 24.11.2017, supplert 27.11.2017.

VURDERING

Tiltaket har krav om avfallsplan, jf TEK 10 § 9-6 bokstav a. Det ligg ikkje føre sluttrapport med avfallsplan for bygget eller kvittering for leverte mengder avfall. Tiltakshavar har i eige skriv gjort greie for avfallet tiltaket har generert og korleis dette er deponert. Kvittering for at avfall er levert godkjend mottak ligg føre. Kommunen har på dette grunnlag vurdert at ferdigattest kan gjevast.

Skildring

Adresse:	Vikavegen 59
Bygningstiltak:	Våningshus
Bygningsnummer:	300478177
Bruksareal:	369
Avlaup:	Privat
Vatn:	Privat
Tal på røykløp:	2

VEDTAK



Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for våningshus på gbnr 51/2.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/3279

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arne Kjeilen	Vikavegen 59	5956	HUNDVIN
Mariann Seljelid Kjeilen	Vikavegen 59	5956	HUNDVIN

Mottakarar:

Kaland Trelast AS	Keilevegen 45	5953	FONNES
-------------------	---------------	------	--------